
Fra: Ingeborg Sofie Sætrevik <Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no>
Sendt: tirsdag 20. mars 2018 09:12
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane 2018

Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane 2018

Vi vil med dette informere om at tilskotsordninga for folkehelsearbeid i kommunane også i 2018 har fått tildelt budsjettmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Til fordeling i år er det sett av totalt kr 3 200 000,- som bidrag for å vidareutvikle det systematiske, tverrsektorielle og langsiktige folkehelsearbeidet i kommunane i Hordaland.

Tilskotsmidlane skal utbetalast årleg etter søknad. Målgruppa er alle kommunane i Hordaland. **Vi ber om at søknadsarbeidet vert koordinert, då vi berre kan gje tilskot til ein søknad per kommune.**

Vilkåra for å søkje midlar i 2018 er likelydande med utlysinga i 2017. Satsane for tilskot er vedteke i fylkesutvalet PS 20/2017 den 26.01.2017:

- Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden.
- Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 i tilskot.
- Kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar kan få kr 95.000 i tilskot
- Kommunar under 5.000 innbyggjarar kan få kr 70.000 i tilskot.
- Bergen kommune kan få kr 250 000 i tilskot.

Som i 2017 skal søkjarportalen i regionalforvalting nyttast. Link til søkjarportal kjem fram i utlysingstekst for ordninga. Nytt i år er at det også er laga ein rettleiar for å vise korleis søknad kan fyllast ut i søkjarportalen. Dette for å gjere søknadsprosessen enklare for søkjar. Følg link for å sjå rettleiar:

https://docs.google.com/document/d/1GRS4_g_Rj7Kr4uADJtxSa1Xc2S4wQWbom9qnb3Pu3ZA/edit

Tilskotsmidlane er kunngjort på Hordaland fylkeskommune sine heimesider. Her kjem også vilkåra for å søke midlar fram.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/folkehelse/tilskot/>

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune er:

- Else-Marie Brobakke Aarø, else-marie.aaro@hfk.no, mob. 924 797 90
- Anne Mette Nesje Porten, anne.mette.nesje.porten@hfk.no, mob. 996 425 77
- Andreas Ask, andreas.ask@hfk.no, mob 452 03 946

Med ynskje om ei god påske så lenge!

Venleg helsing

Ingeborg Sofie Sætrevik

Rådgjevar

Regionalavdelinga | Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling



Mob: 40806289

www.hordaland.no |